



AFA-karane måler lengda på grana til 26,5 meter. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Eit markant trekk i bygdebiletet gjennom mange år forsvann torsdag føremiddag, då den store grana ved Gamleskulen vart felt av AFA. Eit nytt kapittel er dermed skreve i det som har vore det store trefellingsåret i Uskedalen.**

Årrigeteljing viste at grana var 78 år gamal og lengda vart mål til 26,5 meter. Grana stod på grunnen til Uskedalen Utvikling.



Grana ved Gamleskulen fell! (Foto: Jan Henrik Hansen)

Det vara ikkje lenge før uskedalen.no fekk dei første reaksjonane frå folk som hadde sterke innvendingar mot det som hadde skjedd.

- Grana burde fått stå inntil vidare, ikkje minst som ei reservejulegran i tilfelle den permanente bryt saman og må fellast, var ein av innvendingane.
- Grana var – saman med julegrana – eit sentralt element i sentrum av Uskedalen. Det burde i det minste ha vore ei "høyring" blant folk før fellinga vart sett ut i livet, var ein annan.

Grana som vart felt var ei av granane som vart planta inntil nyskulen.. Den som seinare (i 1963) vart julegran, var ei anna.. Julegrana er litt stuttare (22 meter) enn ho som var felt torsdag.

Klara Bakke i Uskedalen Utvikling har denne kommentaren til granfellinga:

- Vi felte grana i samråd med eigarane av Rabben. Dei var redde for at ho skal falla over det nye huset deira og vi var redde for at ho skulle falla over Gamleskulen.

Vi fann det riktig å ta grana før den første stormen når vi først hadde bestemt oss for å fella ho. Med andre ord har vi freista å vera fornuftige og forutsjåande.

Når det gjeld julegrana, er det vel ein betre ide å planta ei ny reservegran.

Av Ola Matti Mathisen



Eit markant trekk i bygdebiletet er borte...(Foto: Ola Matti Mathisen)